

Uskedelingar i Siddis Brass 2019.

02.11.2019

Nils Rainer Vågen debuterte i dag i Siddis Brass då han spela baryton i Sagvåg musikklag leia av dirigent Christopher King i 2.divisjon. Korpset hadde eit flott program med tema Venenskap og relasjonar. Dei innleia med Beatles-klassikaren With a little help from my friends medan korpset kom inn på scenen. Nils Rainer går no på musikklinja på Stord, men han vert nok også å høyra med moderkorpset Uskedal skulemusikk når det høver. Gunnvald Friheim(kornett) og Bjørn Naterstad(tuba) spela med Rosendal musikklag under deira dirigent Yngve Nikolaisen i 3.divisjon. Dei hadde nordisk musikk på programmet.

tid